



Tor Oscar Maaseide

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3399 - 16/2972

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

16.02.2016

## Avslutting av byggjesak - gbnr. 40/5 i Meland kommune

Det vert vist til din e-post til Meland kommune av 22.8.2014 tilknytt byggjesak 14/3399 («Førespurnad om opplysningar tilknytt påstått byggjetiltak på gbnr. 40/5 i Meland kommune»).

I 2014 mottok Meland kommune opplysningar om at det skulle vere utført vesentlege terrenginngrep og deponering av større mengder masse på gbnr. 40/5, saml. kommunen sitt brev til deg av 13.8.2014. Kommunen gjorde dertil merksam på at vesentlege terrenginngrep er eit søknadspliktige tiltak etter Plan- og bygningsloven (pbl.) kap. 20.

Frå kommunen sitt brev vert følgjande referert:

*«Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 40/5, og ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er utført arbeid på eigedomen som skildra over. Om slikt arbeid er utført, ber administrasjonen i tillegg om ei utgreiing om utførte arbeider (omfang, storleik m.v.).»*

I ditt brev til kommunen av 22.8.2014 vert det påpeika at kommunen har gitt byggjeløyve til utføring av leidningsnett og kloakkreinseanlegg på nemnde eigedom, jf. vedtak frå Meland kommune av 29.5.2007 i administrativ sak 217/07. Vidare vert det opplyst at utførte terrenginngrep og deponering av massar på eigedomen er ledd i desse byggjearbeida, men at det av ulike årsakar har tatt lengre tid enn planlagt å få slutført tiltaket. Det vert atter vidare opplyst at du no har tilstrekkeleg overskot av massar til å slutføre prosjektet i samsvar vilkåra i byggjeløyvet. I etterfølgjande telefonsamtale med administrasjonen har du òg stadfesta at det ikkje har vore stillstand i arbeida i meir enn to år, jf. pbl. § 21-9 («Bortfall av tillatelse»).

Kommunen vurderer etter dette at det ikkje er grunnlag for å følgje opp denne saka som eit ulovleg tiltak. Administrasjonen føreset like fullt at tiltaket no snart vert ferdigstilt og at kommunen deretter vil motta søknad om ferdigattest med tilhøyrande erklæring om at tiltaket er gjennomført i samsvar med gitt byggjeløyve.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dette til orientering.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tore Johan Erstad

**Mottakere:**

Tor Oscar Maaseide